



Dato: 07.10.2009

Finansminister Kristin Halvorsen
Finansdepartementet,
Akersgata 40,
Postboks 8008 Dep,
0030 Oslo

Industri Energi ber Statens Pensjonsfond Utland trekka ut investeringar i selskap som deltek i plyndring av naturressursar i det okkuperte Vest-Sahara.

Norwatch har avslørt at Statens Pensjonsfond Utland har investert norske pensjonspengar i 8 internasjonale gjødselbedrifter som importerar heile 2/3 av all fosfat som det marokkanske statlege fosfatselskapet eksporterar frå dei okkuperte områda.

I følge Norwatch hadde Statens Pensjonsfond Utland per 31. desember 2008 investert i følgjande gjødselbedrifter som importerar fosfat frå Vest-Sahara:

- Potash Corp of Saskatchewan/PCS (Canada/USA)
- Mosaic Co. (USA)
- Innophos (Mexico) som er eigd av amerikanske Innophos Holdings.
- Tata Chemicals (India)
- Wesfarmers (Australia)
- Incitec Pivot (Australia)
- FMC Foret (Spania) som er eigd av amerikanske FMC Corp (USA)
- Tripoliven (Venezuela) som er 1/3 eigd av amerikanske FMC Corp (USA)

Investeringane er gjort trass i at Oljefondet sitt etikkråd i 2005 kasta ut det amerikanske energiselskapet Kerr-McGee som deltok i oljeleitinga utanfor Vest-Sahara. I følge Finansdepartementet var oljeselskapet si leiting i Vest-Sahara eit ”*svært grovt brudd på grunnleggende etiske normer*”, sidan det var med på å undergrave FN sin fredsprosess og støtta opp under Marokko sitt suverenitetskrav. Finansdepartementet meinte det var uetisk å investera i selskap som bidreg til framtidig oljeutvinning i landet, men nå er Statens Pensjonsfond Utland inne selskap som driv plyndring av andre naturressursar.

Industri Energi ber om at Etikkrådet for oljefondet kartlegg og går gjennom alle investeringar i selskapa som opererar i, eller handlar med varer frå, det okkuperte Vest-Sahara. Industri Energi krev også at fondet trekker seg ut av alle selskap som handlar mot anbefalingane frå FN og UD, og som på den måte bidreg til å forsterka og forlenga okkupasjonen av Vest-Sahara.

Med venleg helsing,
Leif Sande,

Forbundsleiar i Industri Energi

